

## Åpning av det 138. Storting

President: Kirsti Kolle Grøndahl

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg tirsdag den 12. oktober kl. 13 i stortingssalen ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 138. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringens mål er et tryggere og mer rettferdig samfunn med arbeid for alle og økt livskvalitet for det enkelte menneske. Regjeringen inviterer til fortsatt samarbeid om den politiske kurs som legger grunnlaget for økt verdiskaping og sysselsetting, styrket velferd, bærekraftig utvikling og en rettferdig fordeling.

Regjeringen vil føre en aktiv utenrikspolitikk, og vil fortsatt bidra til fredsskapende arbeid og samarbeid om miljø og utvikling i det internasjonale samfunn.

NATO vil fortsatt være en bærebjelke i vår sikkerhetspolitikk. Regjeringen vil delta aktivt i utviklingen av alliansen for å sikre fred og stabilitet etter omveltningene i Øst-Europa.

Siktemålet med forhandlingene om norsk medlemskap i Det Europeiske Fellesskap er å styrke grunnlaget for fred, sysselsetting, velferd og miljø. Gjennom forhandlingene tar Regjeringen sikte på å oppnå en avtale som kan anbefales overfor velgerne i en folkeavstemning. Det vil bli lagt særlig vekt på forvaltningen av norske naturressurser og på å finne gode løsninger for primærnæringene og distriktene.

Norge vil fortsatt være pådriver i samarbeidet mellom EF- og EFTA-landene om samordnede tiltak for å styrke økonomisk utvikling og sysselsetting.

Solidaritetsalternativet i Langtidsprogrammet vil bli fulgt opp. Sysselsettingen skal styrkes gjennom en politikk som kombinerer lav pris- og kostnadsvekst med aktiv bruk av statsbudsjettet, for å styrke kompetanse, næringsliv og offentlig tjenesteyting.

Et fortsatt samarbeid med partene i arbeidslivet om inntektspolitikken vil stå sentralt i arbeidet for en varig forbedring av sysselsettingen og rettferdig fordeling.

Tilliten til norsk økonomi skal sikres for å holde renten nede og bedre vilkårene for større

verdiskaping. Utgiftsveksten på statsbudsjettet må være lavere enn veksten i samlet verdiskaping i fastlands-Norge.

Regjeringen har lagt vekt på stabile valutakurser også etter at kronkursen ble gjort flytende, for å oppnå et varig lavere rentenivå. Når internasjonale forhold gir tilstrekkelig grunnlag for det, vil Regjeringen gjeninnføre et system med fast kronkurs.

Det nye skattesystemet vil bli videreført. Regjeringen vil foreslå at større formuer får noe høyere formuesskatt. Det vil bli gjennomført en vurdering av delingsmodellen etter en prøveperiode på to år. Resultatet av vurderingen vil bli lagt fram for Stortinget høsten 1994.

Arbeidet med å utvikle en sterk, omstillingsdyktig og effektiv offentlig sektor vil bli ført videre. Hensynet til verdiskaping, sysselsetting og brukernes behov vil være retningsgivende for Regjeringens arbeid på dette området.

Regjeringen vil fortsette gjennomgangen av overføringsordningene med sikte på å styrke statsbudsjettets virkning på å skape flere arbeidsplasser.

Arbeid og aktivitet blir prioritert framfor passive stønader. Arbeidsmarkedstiltak vil bli holdt på et høyt nivå, spesielt overfor ungdom og langtidsledige. Det aktive attføringsarbeidet vil bli styrket for å hindre utstøting og gi flere yrkeshemmede muligheter til å delta i arbeidslivet. Attføringsapparatet vil organiseres og bli bygd ut til å møte denne utfordringen.

Handelspolitikken er også et viktig virkemiddel for å bidra til økonomisk vekst og dermed sikre arbeid og velferd. Regjeringen vil arbeide aktivt i GATT for en snarlig avslutning av Uruguay-runden for å sikre en mer rettferdig verdenshandel.

Parallelt med EF-forhandlingene vil Regjeringen fortsette arbeidet for en snarlig iverksettelse av avtalen om et Europeisk Økonomisk Samarbeidsområde og dens bestemmelser. Dette er viktig for å sikre bedre markedsgang og like spilleregler for handel og økonomi på vårt viktigste marked.

Regjeringen vil også støtte aktivt opp om norske bedrifters eksport på nye markeder. Det vil bli lagt særlig vekt på landene i Øst- og Sørøst-Asia, og på de offentlige markeder i Europa gjennom EØS-avtalen.

Det forventes høy aktivitet i petroleumsvirksomheten. Utbygging av flere felt vil bli behandlet. Investeringene og letevirksomheten vil ligge på et høyt nivå.

Det vil bli lagt til rette for økt samarbeid innen næringslivet for å utvikle nye produkter. Ordningen med offentlige utviklingskontrakter blir styrket.

For å sikre arbeid og bosetting i hele landet,

vil den distriktpolitiske innsatsen bli holdt på et høyt nivå.

Landbruket skal fortsatt spille en viktig rolle for bosetting og sysselsetting i distriktene. Omstillingen mot et mer robust landbruk vil bli videreført. En reduksjon i kostnadsnivået er nødvendig for at jordbruket skal kunne møte nye utfordringer.

Den positive utviklingen i bestanden av viktige fiskeslag fortsetter. For å opprettholde et vedvarende høyt utbytte fra bestandene framover, vil Regjeringen videreføre en ansvarlig ressursforvaltning, tilstrekkelig kontroll og kapasitetstilpasning. Regjeringen vil legge vekt på å skape konkurransevilkår og rammebetingelser som gir fiskeriindustrien og havbruksnæringen muligheter for vekst og utvikling, samt bidra til å etablere nye produksjons- og eksportmuligheter.

Utbygging av framtidsrettete kommunikasjoner vil bli videreført på et høyt nivå. Effektiv transport og rimelige post- og teletakster gir også positive miljøvirkninger, og reduserte kostnader for husholdninger og næringsliv, ikke minst i distriktene.

Store ressurser blir satt inn for å styrke jernbanens plass i transportsystemet og utnytte jernbanens miljøfortrinn. Luftfartspolitikken, med et godt flytilbud til alle deler av landet, vil bli videreført. Kollektivtransport og trafikksikkerhet vil ha høy prioritet.

I arbeidet for en tryggere hverdag vil kampen mot kriminalitet ha en sentral plass. Politio- og lensmannsetaten vil fortsatt bli styrket. Forsterket innsats i det kriminalitetsforebyggende arbeidet vil også stå sentralt i arbeidet for den enkeltes trygghet.

Forslag om ny politilov vil bli lagt fram når spørsmålet om streikerett for ansatte i lensmanns- og politietaten er nærmere utredet. Regjeringen tar videre sikte på å overføre det administrative ansvaret for lensmannsetaten fra fylkesmennene til politimestrene for å oppnå en mer effektiv drift.

I stortingsperioden vil det bli lagt fram forslag om lovendringer for å styrke rettsstillingen til ofre for straffbare handlinger.

Kampen mot økonomisk kriminalitet, svart arbeid, og andre uregelmessige forhold i arbeidslivet, har høy prioritet. Det vil bli iverksatt regelendringer og styrket kontrollinnsats for å forhindre og avdekke skatte- og avgiftsunndragelser. Bygningsloven vil bli foreslått endret for å sikre mer ordnede forhold i byggevirkksomheten.

Innføring av tidskontoordning og fortsatt høy barnehageutbygging, vil sikre foreldre og barn større valgfrihet og mer trygghet i hverdagen. Barnehageloven vil bli foreslått endret for å bli bedre tilpasset framtidige krav.

Regjeringen vil fortsette arbeidet med å tilrettelegge for skolestart for 6-åringer og ti-årig grunnskole fra skoleåret 1997/98.

Reformen som gir all ungdom mellom 16 og 19 år lovfestet rett til videregående opplæring i skole eller arbeidsliv, vil bli gjennomført for det kull som går ut av grunnskolen i 1994.

Regjeringen vil prioritere et høyt årlig opptak av nye studenter til universitetene og høgskolene og videreføre satsingen på forskning.

Det vil fortsatt bli satset på systematisk etter- og videreutdanning av den voksne befolkningen. Det skal legges bedre til rette for å kunne veksle mellom arbeid og utdanning.

Regjeringen vil legge fram en handlingsplan mot klimaendringer, og det arbeides med en plan for biologisk mangfold.

Regjeringen vil sikre allmennhetens rett til naturopplevelser og rekreasjon.

Norge vil være en pådriver i arbeidet med en ny internasjonal avtale som kan bidra til store reduksjoner i svovelutslippene basert på naturens tålegrense.

En handlingsplan for reduksjon av NO<sub>x</sub>-utslippene vil bli lagt fram.

Regjeringen vil arbeide for å bedre miljøet i nordområdene. Samarbeidet i Barentsregionen vil bli videreført og utdypet.

Regjeringen vil føre en målrettet kulturpolitikk med vekt på kvalitet, økt deltakelse og styrket innsats på svakt utbygde områder. Innsatsen for den estetiske utformingen av vårt miljø styrkes.

Den sterke satsingen på å markedsføre norsk kultur og næringsliv i utlandet vil bli videreført. De langsiktige profileringsmulighetene som Lillehammer-OL gir, vil bli utnyttet.

Regjeringen vil legge til rette for at Den norske kirke utvikler seg videre som en levende og funksjonsdyktig folkekirke.

Kommunesektorens inntekter vil få vekst, slik at kommuner og fylkeskommuner kan øke sitt bidrag til den nasjonale velferdspolitikken og styrke nærmiljøene.

Regjeringen vil bygge eldrepolitikken på aktivitet, medansvar og omsorg. Omsorgen for pleietrengende eldre vil bli styrket gjennom bedre lånevilkår og tilskudd til flere stillinger og moderne botilbud.

Regjeringen vil legge fram for Stortinget en egen sak om utformingen av de ulike velferdsordningene.

For å sikre alle et godt og likeverdig tilbud, vil Regjeringen utvikle helsetjenesten videre gjennom bedre samordning og prioritering. Det vil bli lagt fram en melding om helsepolitikken, der erfaringene med prioriteringstiltak, rettigheter og finansiering vil bli drøftet.

Regjeringen vil arbeide for endringer i lov-

givningen med sikte på å redusere kriminalitet og uheldige forhold knyttet til alkoholomsetning og alkoholbruk.

Den sterke satsingen på barnevernet videreføres, og det tas spesielt sikte på å styrke kunnskap og kompetanse. Tiltak overfor utsatte barne- og ungdomsgrupper i de største byene vil bli prioritert.

Det vil bli fremmet et stortingsdokument om levekår og boforhold i storbyene, herunder de spesielle forhold i Oslo indre øst.

I samarbeid med Sametinget vil Regjeringen fortsette arbeidet for at den samiske befolkning skal sikres gode levekår og kulturell utvikling på egne premisser.

Regjeringen vil gjennom Husbanken føre en aktiv politikk for å øke boligbyggingen. Innsatsen i byfornyelsen vil bli økt.

I samråd med FNs Høykommissær for flyktninger vil Regjeringen arbeide for at vår hjelp til flyktninger, både hjemme og i utlandet, skal nå flest mulig av dem som trenger det mest.

Regjeringen vil arbeide for likestilling mellom innvandrere og befolkningen for øvrig, og styrke arbeidet mot rasisme og etnisk diskriminering.

Omstillingen av forsvaret vil sikre at Norge i framtida vil ha mindre, men mer moderne forsvarsstyrker som er tilpasset den endrede internasjonale situasjon og våre internasjonale forpliktelser.

Regjeringen legger fortsatt stor vekt på et aktivt engasjement i fredsprosessen for Midt-Østen, og vil bidra til et bredt internasjonalt engasjement i den økonomiske utvikling og samarbeidsordninger i området.

Varig fred i det tidligere Jugoslavia må skapes gjennom forhandlinger. Regjeringen støtter den internasjonale konferansen om det tidligere Jugoslavia. Den omfattende innsats på det humanitære området vil bli videreført. Regjeringen vil stille styrker til rådighet for FNs fredsbevarende virksomhet, delta i Konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europas arbeid, og følge opp internasjonale sanksjonsvedtak.

Regjeringen vil fortsatt delta aktivt i det internasjonale arbeidet for økt integrasjon mellom Øst- og Vest-Europa ved å fremme demokrati, sosial og økonomisk utvikling i reformlandene i Øst- og Sentral-Europa.

Utviklingshjelp og humanitær bistand vil bli opprettholdt på et høyt nivå for å bidra til økonomisk vekst og sosial framgang i utviklingslandene, forsvarlig ressursforvaltning og fremme av menneskerettighetene. Arbeidet med å effektivisere utviklingshjelpen vil fortsette.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 138. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Jens Stoltenberg.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Også i det siste året har Noreg teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for å fremje fred, stabilitet og tryggleik.

Samarbeidet i Atlanterhavsalliansen har vore konsentrert om å føre vidare arbeidet med å tilpasse organisasjonen til den nye tryggingspolitiske situasjonen i Europa.

Det tosidige samarbeidet med våre allierte har vore nært og godt. Det blir framleis lagt sterk vekt på banda til USA og Canada.

Dialogen innanfor Det nordatlantiske samarbeidsrådet (NACC) har fått eit meir konkret innhald, m.a. gjennom drøftingar om rustingskontroll. Det er også inneleidd eit nærare samarbeid om fredsbevarande verksemd.

I samarbeid med andre vestlege land har Regjeringa vore ein pådrivar i arbeidet for å fremje demokrati og ein sosial marknadsøkonomi i reformlanda i Aust- og Sentral-Europa. Det er teke initiativ til eit utvida samarbeid i Barentsregionen.

Avtalene om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) vart ratifiserte av Noreg etter at Stortinget gav samtykke til det 16. oktober 1992. Også justeringsprotokollane er ratifiserte av Noreg.

Noreg søkte om medlemskap i EF 25. november 1992. Forhandlingane opna med eit ministermøte i Luxemburg 5. april 1993. Førebels er 7 av 29 område forhandla ferdige. Noregs samarbeid med det utanrikspolitiske samarbeidet i EF-landa, EPS, er styrkt. Under medlemskapsforhandlingane deltek Noreg saman med Sverige, Finland og Austerrike i ei utvida kontakt- og dialogordning.

I november 1992 vart ein samd om ei ordning for norsk assosiert medlemskap i Vestunionen.

Organisasjonen og budsjettet til Nordisk Ministerråd er lagde om. Den nordiske samarbeidsavtala er revidert, stats- og utanriksministreane har teke på seg eit utvida ansvar for samarbeidet og ansvaret til formannskapet er gjennomført konsekvent i alt nordisk regjeringsamarbeid. Nordisk Råd har fått auka innverknad på budsjettet.

Det blir lagt opp til auka nordisk samarbeid innanfor landbruk og miljø ved at det i 1993 er utforma eit eige program for betre samarbeid.

Dei nordiske miljøvernministreane tok i november 1992 initiativet til eit nordisk samarbeid for handtering av spesialavfall.

Den norske innsatsen for å støtte opp om reformprosessen i Sentral- og Aust-Europa og det tidlegare Sovjetunionen er utvikla vidare gjennom tosidige kontaktar og eit omfattande internasjonalt samarbeid innanfor m.a. G-24, OECD, Verdsbanken, Den europeiske banken for gjenoppbygging og utvikling (ERBD), FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE) og EFTA. Stortinget vedtok i juni ei tilleggsøyving på 89,9 mill kr til dette, slik at den samla løyvinga til Aust-Europa utgjør 350,9 mill kr i 1993.

Samarbeidet i Barentsregionen er godt i gang. Fråsegna frå utanriksministermøtet i Kirkenes i januar 1993 dreg opp linjene for eit vidt samarbeid. Noreg bruker aktivt formannskapet i Barentsrådet til å vidareutvikle sambanda. Samtidig skal Regionrådet spele ei leiande rolle i utbygginga av samarbeidet lokalt.

Den 2. fellesprotokollen, som gjeld eit arbeidsprogram for ei vidareføring av kontaktane mellom Noreg og Russland, er i ferd med å bli sett ut i livet. Forhandlingane om avgrensinga i Barentshavet held fram.

Frå norsk side har ein støtta fullt opp om arbeidet innanfor Den internasjonale konferansen om det tidlegare Jugoslavia, leidd av FNs fredsmeklar Thorvald Stoltenberg og Lord David Owen frå EF. Noreg er ein leiande bidragsytar til det internasjonale humanitære hjelpearbeidet.

Noreg yter monalege bidrag til FNs fredsbevarende operasjonar, og deltek m.a. i det tidlegare Jugoslavia. Elles er Forsvaret i alt med i sju av tretten operasjonar. Personell frå Forsvaret deltek også i den gruppa som er engasjert i Irak.

Noreg har sagt seg villig til å delta i eit utvida NATO-engasjement om krisehandtering og fredsbevaring. Under føresetnad av at FN eller KSSE ber om det, har Noreg støtta at alliansen tek del i fredsbevarande operasjonar innanfor det geografiske området til KSSE. Dette har vorte særleg aktuelt gjennom krisa i det tidlegare Jugoslavia.

Noreg har arbeidd aktivt for å vidareutvikle KSSE, m.a. ved å opprette ei eiga generalsekretærstilling og ein høgkommisær for nasjonale minoritetar. Noreg har også støtta opp om arbeidet i KSSE for å oppnå politiske løysingar på konfliktane i det tidlegare Jugoslavia, i Sentral-Asia og i dei baltiske landa.

Opptaket av nye medlemmer frå Sentral- og Aust-Europa og arbeidet med demokratibygging i desse landa har gjort at Europarådet har fått meir å seie. Toppmøtet i Wien hausten 1993 er eit uttrykk for dette. Regjeringa har i samband med dette teke initiativ til ein omfattande europeisk handlingsplan mot rasisme.

Regjeringa har lagt vekt på aktiv norsk deltaking i arbeidet for rustingskontroll og nedrusting i FN og ved Nedrustingskonferansen i Genève. Frå norsk side har ein særleg engasjert seg i spørsmålet om totalforbod mot kjemiske våpen og stans i alle kjernefysiske prøvesprengingar. For å følgje opp dette har Regjeringa arbeidd for å bli fullverdig medlem av Nedrustingskonferansen.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet med å styrkje vernet av menneskerettane, og har særleg lagt vekt på det vernebehovet som minoritetar, urfolk, barn og andre sårbare grupper har.

På verdskonferansen om menneskerettar i Wien i juni 1993 gjekk Noreg inn for å styrkje FNs autoritet og kapasitet i arbeidet for menneskerettane, m.a. ved å etablere ei stilling som FNs høgkommisær for menneskerettar.

Noreg har vore aktivt med for å støtte opp om fredsforhandlingane i Midtausten. Noreg har lagt tilhøva til rette for hemmelege fredsforhandlingar mellom Israel og PLO i Oslo. Ei prinsippklæring om avgrensa palestinsk sjølstyre i Gaza og på Vestbredda vart signert av partane i Oslo 20. august. Noreg var vertskap for arbeidsgruppa for flyktingar i mai 1993 under den multilaterale delen av fredsprosessen. Ei større gransking av levevilkåra i dei okkuperte områda er gjennomført av FAFO med norsk støtte.

Regjeringa har oppheva forbodet mot handel med og investeringar i Sør-Afrika. Regjeringa har utforma eit 5-punktsprogram for å støtte opp om demokratiseringsprosessen i landet.

I Antarktis har Regjeringa halde fast ved dei norske suverenitetskrava og halde fram med å delta aktivt i samarbeidet under Antarktistraktaten. Noreg har no ratifisert miljøprotokollen i traktaten.

Innanfor Rovaniemi-samarbeidet om miljøvern i Arktis har det vore framgang. I september 1993 vart det halde eit møte mellom fagministrane i dei åtte arktiske statane. Sambandet mellom Noreg og landa i Aust- og Søraust-Asia har vorte styrkt. Det er teke initiativ til ein nasjonal strategiplan for vidare satsing mot denne regionen.

Importreguleringa for visse tekovarar er vidareført gjennom tosidige avtaler med eksportlanda.

Frihandelsavtala mellom Noreg og Færøya tok til å gjelde 1. juli 1993. Frihandelsavtalene mellom Noreg og Latvia og Noreg og Litauen tok til å gjelde 1. august i år. Avtala med Estland gjeld mellombels.

Frihandelsavtala mellom EFTA-landa og Romania tok til å gjelde 1. juli i år. Frihandelsavtala med Tsjekkoslovakia er reforhandla og

## Forhandlinger i Stortinget nr. 4.

1993. 12. okt. – Åpning av det 138. Storting

49

gjeld no for Tsjekia og Slovakia. Frihandelsavtala mellom EFTA og Ungarn tok til å gjelde 1. oktober i år. Frihandelsavtala mellom EFTA og Bulgaria gjeld mellombels frå 1. juli i år.

Ei avtale mellom Danmark, Finland, Noreg og Sverige om retten til kabotasje med lastebil på veg har teke til å gjelde.

Det er skrive under ei vegtransportavtale med Litauen, forhandla fram ei tilsvarende avtale med Latvia og Estland og inngått luftfartsavtaler mellom Noreg og Estland og Latvia.

Det er gjort endringar og tillegg i avtala om sivil luftfart mellom Noreg, Sverige og EF slik at EF-regelverket på området også gjeld for Noreg og Sverige. Avtala vil m.a. fremje effektiviseringa av flyselskapa og gje dei reisande eit betre tilbod.

Norske føretak har fått fleire langsiktige kontraktar på leveransar til den europeiske romorganisasjonen ESA.

Omsetninga av norskproduserte varer og tenester innanfor romsektoren har auka monaleg.

Noreg har teke aktivt del i intensiveringa av det internasjonale samarbeidet i Australia-gruppa, Regimet for eksportkontroll av rakett-teknologi (MTCR) og Nuclear Suppliers Group. Noreg har leidd Konsultasjonsgruppa for ikkje-spreiing og våpeneksport.

For å betre rammevilkåra for det norske næringslivsengasjementet i Aust-Europa er det gjennomført økonomiske konsultasjonar med Russland, Polen og Romania.

Regjeringa har også lagt mykje arbeid i å førebu norsk næringsliv på endra rammevilkår ved ei EØS-avtale. Det er oppretta eit eige kontaktpunkt for å hjelpe næringslivet i høve til den europeiske offentlege marknaden.

Det har vore arbeid aktivt for å få sett i verk kredittlinjer på Russland under eksport- og investeringsgarantiordninga for SUS-landa og Baltikum.

I EBRD har Noreg oppretta eit nytt teknisk samarbeidsfond og fylt på sitt første tekniske fond for miljø- og energisektoren.

Stortinget har fastsett nye rammevilkår for GIEK slik at det blir eit meir fleksibelt verkemiddel i arbeidet med å fremje eksporten.

Regjeringa har teke aktivt del i oppfølginga av FN-konferansen om miljø og utvikling (UNCED). Det er lagt fram ei stortingsmelding om konferansen og om norsk oppfølging av han. Noreg er valt inn i FN-kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD), som hadde sin første sesjon i juni i år. Dei to konvensjonane om klimaendring og biologisk mangfald som vart underskrivne på UNCED, er ratifiserte av Noreg. Handlingsplanar for nasjonal oppfølging er under utarbeiding. I mai i år var Noreg i samarbeid med FN's miljøprogram (UNEP)

vert for ein fagleg oppfølgingskonferanse for konvensjonen om biologisk mangfald.

Arbeidet med å hjelpe til med å løyse dei store miljøproblema i Aust- og Sentral-Europa er intensivert. Samarbeid innanfor miljøområdet inngår som ein viktig del av handlingsplanen med Aust- og Sentral-Europa og med SUS-landa. Med omsyn til arbeidet for å betre atomtryggleiken i nærområda våre er det tosidige samarbeidet med Russland styrkt. Også det fleirsidige samarbeidet er intensivert, og Noreg har m.a. gjeve tilskott til eit internasjonalt fond for betre atomtryggleik i aust.

Arbeidet med å finne ei løysing på svovelutsleppa frå nikkilverket i Petsjenga har hatt høgaste prioritet i miljøvernssamarbeidet med Russland. Noreg har medverka aktivt til å finne tekniske løysingar som gjev tilfredsstillande reinseeffekt til lågare kostnad. Det norske tilbodet om 300 mill kr for å gjennomføre prosjektet står ved lag. Det er også lagt stor vekt på arbeidet med å kartleggje og undersøkje radioaktivt materiale som er dumpa i Karahavet og Barentshavet.

Eit lokalt kompetansesenter for beredskap ved atomulykker er etablert på Svanhovd miljøsentar i Finnmark. Saman med IAEA er det sett i gang eit norsk-russisk prosjekt for å vurdere risikoen for radioaktiv forureining av arktiske havområde.

Noreg har skrive under tosidige miljøvern-avtaler med Tsjekia og Slovakia.

Noreg har ratifisert ein konvensjon om konsekvensutgreiingar av tiltak som kan ha grenseoverskridande miljøverknader.

Regjeringa godkjende i mars 1993 ein konvensjon om vern og bruk av grenseoverskridande vassdrag og internasjonale innsjøar.

Noreg har ratifisert endringar til Montreal-protokollen om vern av ozonlaget.

I samband med det internasjonale standardiseringsarbeidet har Noreg fått ansvaret for viktige arbeidsområde innanfor miljøstandardisering i industrien.

Regjeringa har arbeid aktivt, m.a. i Den internasjonale kvalfangstkommissjonen, for å skape større forståing for det norske vedtaket om å ta opp att tradisjonell fangst av vågekval.

Noreg har vidareført arbeidet for eit globalt energipolitisk samspel. Noreg har også teke aktivt del i samarbeidet i Det internasjonale energibyrådet.

Noreg tek aktivt del i forhandlingane om ein traktat som skal følgje opp Det europeiske energicharteret.

Noreg har ført vidare dei tosidige kontakta med andre petroleumsproduserande land i og utanfor OPEC, og har vore med som observatør i Gruppa av uavhengige petroleums-eksporterande land (IPEC).

Tyske styresmakter har gjeve løyve til å føre i land naturgass gjennom det tredje transport-systemet for gass til kontinentet (Europipe). Ein traktat mellom Tyskland og Noreg er godkjend. Storbritannia og Noreg forhandlar no om transport av gass frå Friggfeltet til St. Fergus.

Frå juni 1993 har Noreg for eitt år teke over formannskapet for det europeiske industrisamarbeidsprogrammet Eureka. I samband med det er det skipa eit eige sekretariat. Norske bedrifter tek del i 85 prosjekt.

Noreg har ratifisert Lugano-konvensjonen om domsmakt og fullføring av dommar i sivile og kommersielle saker.

Det er gjennomført fleire breie kultursatsingar i utlandet det siste året, m.a. arrangementet i London hausten 1992.

Feiringa av Grieg-jubileet 1993 har vekt stor interesse i mange land.

Lillehammer-OL har ført til auka interesse for Noreg i internasjonale media og hos publikum. Vellykka kuturframstøytar er gjennomførte i Atlanta og Tokyo.

I 1993–94 vil det bli ein monaleg auke i den norske deltakinga i EF-utdanningsprogrammet COMETT II og i studentutvekslinga ERASMUS.

I samband med førebuinga av EØS-avtala er det sett av midlar til deltaking i forskings-samarbeidet i EF. Pr. 1. august var norske forskingsmiljø med på i alt 175 prosjekt.

GATT-forhandlingane i Uruguay-runden må på grunn av det amerikanske forhandlingsmandatet vere avslutta innan 15. desember 1993.

Som ei følgje av at laksenæringa i USA i 1990 gjekk til sak mot norske lakseeksportørar, må det framleis betalast subsidie- og dumpingavgift på norsk oppdrettslaks ved eksport til USA. Regjeringa har klagt sakene inn for GATT for tvisteløysing. Det blir arbeidd for å få saka avslutta.

Forhandlingane om ei internasjonal avtale i OECD mot statleg subsidiering av skipsbyggingsindustrien er tekne opp att.

Intensivert kontroll med norske skip og med utanlandske skip i norske hamner er ført vidare.

Det er fordelt 40 mill kr til norsk kystskipsfart gjennom den mellombels tilskottsordninga for delar av NOR-flåten.

Det høge nivået på norsk utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid er ført vidare. Dei totale utbetalingane i 1992 var 7 921 mill kr og utgjorde 1,16 prosent av bruttonasjonalinntekta (BNI), mot 1,13 prosent i 1991. Utbetalingane i 1992 fordelte seg med 52 prosent på rein tosidig hjelp, 44,4 prosent gjekk til fleirsidig hjelp og 3,6 prosent til administrasjon.

Utbetalingane til multilaterale organisasjonar var på nærare 3 mrd kr i 1992, om lag som i 1991. Dei største mottakarane var FN's utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA).

I det tosidige arbeidet blir det framleis lagt stor vekt på hjelp til det sørlege og austlege Afrika.

Private norske og internasjonale organisasjonar utgjør framleis ein viktig kanal for norsk hjelp, og dei mottok i 1992 vel 17 prosent av u-hjelpsbudsjettet.

Samarbeidet med norsk næringsliv i u-hjelpsarbeidet er auka monaleg. Løyvingane til blanda kreditter for 1992 vart auka med 250 mill kr. Leveransane av norske varer og tenester til FN-systemet er dobla frå 1991.

Ein ekspertkommissjon for nord-sør-u-hjelpsspørsmål er oppnemnd.

Dei tilpassingstiltaka som er vedtekne i NATO, m.a. når det gjeld styrkestruktur og kommandostruktur, er i ferd med å bli sette i verk. Den nye Nordvestkommandoen vil vere operativ 1. juli 1994, samtidig med den nye underkommandoen for Noreg på Jättå.

Forsvarsbudsjettet for 1993 medførte ein reell reduksjon i høve til 1992. Under drøftinga av langtidsmeldinga om hovudretningslinjene for verksemda og utviklinga i Forsvaret i tida 1994–1998 slutta likevel Stortinget seg til intensjonen om å bringe dei økonomiske rammene opp til 1992-nivå i 5-årsperioden.

Omstillinga i Forsvaret må ein m.a. sjå i lys av den endra internasjonale situasjonen. Omlegginga, som m.a. fører til vidtfemnande omorganiseringstiltak, vil seie at vi får eit mindre, men meir moderne forsvar. Målet er å realisere den krigsstrukturen som fleirtalet i Forsvarskommissjonen av 1990 rådde til.

Det er ei sentral oppgåve å sikre at Forsvaret har evne til å halde oppe eit tidsavgrensa invasjonssforsvar, avgrensa til ein landsdel. For at den tilrådde krigsstrukturen skal bli røyndom, er ein avhengig av at det kan setjast av midlar til investeringar i nytt materiell. Dei nødvendige midlane må i stor grad komme frå driftsinnsparingar.

Det fellesfinansierte infrastrukturprogrammet i NATO er under omlegging og vil bli kraftig redusert. Det inneber at store delar av bygge- og anleggsverksemda, som tidlegare kunne finansierast over dette programmet, i framtida må bli dekte over dei nasjonale byggjeløyvingane til Forsvaret eller med andre finansieringskjelder.

Dei norske F-16-jagarflya vil bli oppdaterte, i samarbeid med Belgia, Danmark, Nederland og USA. Etter planen skal moderniseringa gjennomførast i tida 1997–1999.

Folkemengda i Noreg pr. 1. januar 1993 var

4 299 000 etter førebels tal. Folketalet auka med 25 500, som er 1 700 meir enn året før. Tilveksten i første halvår av 1993 var 13 500. I 1992 flytta 26 700 personar til Noreg, medan 16 800 flytta frå landet. Nettoinnflyttinga vart 9 900. Det er 1 900 fleire enn i 1991, og monaleg høgare enn gjennomsnittet for 1980-åra. Talet på fødde gjekk ned med 700 til 60 100. Det førte til ein nedgang i samla fertilitet frå 1,92 i 1991 til 1,88 i 1992.

Pr 1. januar 1993 var 14,4 prosent av folkemengda 67 år eller eldre, og 20,4 prosent var under 16 år. På same tid var det registrert 154 000 busette med utanlandsk statsborgarskap, ein auke på 6 200 frå året før. Talet på personar med statsborgarskap i europeiske land utanom Noreg auka med 3 900 til 78 000.

I 1992 var det i gjennomsnitt 2 004 000 sysselsette personar. Det er omlag 10 000 færre enn i 1988. Utviklinga gjennom 1992 og inn i 1993 tyder likevel på at nedgangen i sysselsetjinga har stogga. Talet på sysselsette låg i andre kvartal av 1993 noko høgare enn i 1992. Nedgangen har vore noko større i skjerma enn i konkurranseutsette næringar. Innanfor jordbruk og bygg- og anlegg har sysselsetjinga gått ned, industriksysselsetjinga har stabilisert seg, medan det er ein auke i offentleg, sosial og privat tenesteyting. Yrkesfrekvensen var om lag uendra frå 1991 til 1992 og var i 1992 68,4 prosent.

I 1992 var det i gjennomsnitt registrert 114 000 heilt utan arbeid. Det var ein auke på 14 000 og utgjorde 5,4 prosent av arbeidsstyrken. Arbeidsløysa har i gjennomsnitt i første halvår 1993 auka til 120 700, eller 5,7 prosent av arbeidsstyrken. Det er 5 800 fleire enn for eitt år sidan. Arbeidsløysa blant ungdom har gått ned.

Talet på langtidsledige har gått opp. Frå 1991 til 1992 auka talet med snautt 10 000 personar. Frå første halvår 1992 til 1993 har talet auka med 3 200 personar, til 42 400. Det utgjør 35 prosent av dei som er utan arbeid.

I 1992 var det i gjennomsnitt registrert 35 000 yrkeshemma. Talet for første halvår 1993 var om lag 38 000.

Innsatsen for dei arbeidsledige og yrkeshemma auka sterkt. I 1992 var det om lag 49 000 personar på arbeidsmarknadstiltak for ordinære arbeidssøkjjarar, 4 000 fleire enn i 1991. I første halvår av 1993 var det om lag 59 000 personar på ordinære tiltak. Det er om lag 10 400 fleire enn for eitt år sidan.

Frå 1991 til 1992 auka talet på personar på attføringstiltak. I første halvår av 1993 var om lag 14 200 personar på attføringstiltak, ein auke på 1 200 frå 1992.

Produksjonen av olje og gass for sal på den norske kontinentalsokkelen var i 1992 132,8

mill tonn oljeeiningar mot 118,8 mill tonn i 1991. I første halvår av 1993 var produksjonen 66,3 mill tonn oljeeiningar, ein auke på 1,66 prosent.

Pr 31. desember 1992 er det totalt påvist 6 119 mill tonn oljeeiningar på norsk sokkel. Oppjusteringa av ressursgrunnlaget for felt i produksjon og felt med godkjend plan for utbygging i tillegg til nye funn i 1992 var høgare enn den samla produksjonen for året.

Investeringskostnadene til faste installasjonar og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1992 38,7 mrd kr, 17,6 prosent høgare enn året før. I det same tidsrommet kom leitekostnadene opp i vel 7,6 mrd kr, mot vel 8 mrd kr året før.

Det totale salet av petroleumprodukt var i 1992 8 036,7 mill liter. Det er ein auke på 0,67 prosent. Totalsalet i første halvår 1993 var på 3 886 mill liter, mot 3 884 i den same perioden i 1992. Salet av blyfri bensin er no høgare enn salet av blyhaldig bensin.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1992 var 117,7 mrd kilowatt-timar (TWh). Det er ein auke på vel 6 prosent samanlikna med 1991. I første halvår av 1993 var produksjonen av kraft 59,8 TWh, som er det same som i første halvår av 1992. I 1992 var det eit eksportoverskott på 8,7 TWh mot 2,8 TWh i 1991.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft gjekk i første halvår av 1993 opp med 1 prosent. I tolv månadersperioden juli 1992 til og med juni 1993 var bruttoforbruket 109,5 TWh, ein auke på 2,3 prosent samanlikna med den same perioden eitt år tidlegare.

Det var liten auke i utbygd kapasitet siste året. I 1992 auka installert maskinkapasitet med 349 megawatt (MW).

Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i år låg i gjennomsnitt 2,4 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Tilsvarende tal for året før var 2,4 prosent.

Den reviderte nasjonalrekneskapsstatistikken for 1992 viser at bruttoinvesteringa i fast kapital i varehandelen var 5 833 mill kr i 1992 og 5 149 mill kr i 1991. Nedgangen i sysselsetjinga i varehandelen heldt fram i 1992.

I første kvartal 1993 gjekk det omsette volumet i detaljhandelen totalt ned med 3,3 prosent. Utanom motorkjøretøy, brensel og drivstoff var nedgangen 2,5 prosent i denne perioden.

I engroshandelen auka det omsette volumet totalt med 0,1 prosent i første kvartal av 1993. Utanom motorkjøretøy, brensel og drivstoff gjekk det omsette volumet ned med 0,1 prosent.

Overnattingsstatistikken for hotell og andre overnattingsverksemdar viste ein vekst i 1992 på 4 prosent. Norske gjestedøgn gjekk opp med

1 prosent, medan utanlandske gjestedøgn auka med 9 prosent. Totalt er det registrert ikring 13,3 mill gjestedøgn i 1992, og av desse stod nordmenn for om lag 70 prosent. For dei første 6 månadene av 1993 er veksten i utanlandske gjestedøgn ved hotella 6 prosent. Dei totale reisevalutainntektene til Noreg var i 1992 12,26 mrd kr, 14,1 prosent høgare enn i 1991.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei sju første månadene av 1993 var 86,8 mrd kr. Verdien var 2,7 mrd kr mindre enn i fjor. Verdien av utførsla var dei sju første månadene av 1993 128,7 mrd kr, eller 1,2 mrd kr høgare enn i 1992. Av utførsla i dei sju første månadene av 1993 utgjorde råolje og gass 61,2 mrd kr, mot 56 mrd kr i fjor. Handelsbalansen med utlandet for Fastlands-Noreg viste dermed eit underskott på 4,2 mrd kr dei sju første månadene i år, mot 6,6 mrd kr i 1992.

For perioden januar–juni 1993 viser førebels oppgåver for driftsrekneskapen overfor utlandet eit overskott på 14,7 mrd kr, mot 4 mrd kr for januar–juni 1992. For varer og tenester i alt var det eit eksportoverskott på 32,5 mrd kr i første halvår av 1993, mot 25,5 mrd kr i same perioden året før. Eksportoverskottet i januar–juni 1993 fordeler seg på varer med 32,3 mrd kr og på tenester med 0,3 mrd kr. I januar–juni 1992 var det eit underskott på 1,8 mrd kr for tenester.

Rente- og stønadsbalansen viser eit underskott på 17,9 mrd kr i januar–juni 1993, mot 21,5 mrd kr i januar–juni 1992. Netto renter til utlandet gjekk ned med 0,4 mrd kr, medan aksjeutbyttet m.m. og stønader viser ein nedgang på etter tur 2,4 og 0,8 mrd kr.

Den norske nettogjelda overfor utlandet gjekk ned med 7,9 mrd kr i januar–juni 1993. Skilnaden mellom overskottet på driftsrekneskapen og nedgangen i nettogjelda er omvurderingar av fordringar og gjeld, særleg som ei følgje av valutakursendringar. Nettogjelda overfor utlandet ved utgangen av juni 1993 er etter dette 1,8 mrd kr.

Den samla bruttogjelda som publikum har til innanlandske og utanlandske kjelder, gjekk ned med 1,3 prosent i 1992. Dei siste 12 månadene fram til utgangen av juni i år gjekk publikumsgjelda ned med 0,4 prosent. Pengemengda auka med 7,3 prosent i 1992. Dei siste 12 månadene fram til utgangen av juni auka pengemengda med 5,4 prosent.

Etter at Danmark sa nei i folkerøystinga om Maastricht-avtala i juni i fjor, oppstod det uvisse om valutakurssamarbeidet i EF. Valutamarknadene i EF, Finland og Sverige var i haustmånadene som følgde, prega av uro, som også smitta over på Noreg. Noregs Bank måtte

støttekjøpe kroner for store summar, og rentene i pengemarkaden steig til eit svært høgt nivå. Presset mot kronkursen vart så stort at Noregs Bank ikkje kunne stabilisere situasjonen. 10. desember vart det vedteke å setje svingingsmarginane til krona overfor ECU ut av kraft. Så snart ECU-tilknytninga var oppheva, vart krona svekt med vel 5 prosent i høve til ECU. Deretter styrkte kronkursen seg gradvis, og har sidan februar ligge i intervallet 3–4½ prosent svakare enn den tidlegare sentralverdien mot ECU.

Pengemarknadsrenta var i desember på over 20 prosent, målt ved den effektive renta på 3-månadersplasseringar. Etter vedtaket om å la krona flyte fann det stad eit monaleg rentefall i vinter og i vår. Pengemarknadsrenta fall frå vel 13 prosent i januar til om lag 6 prosent i september.

Dei norske rentene har falle noko sterkare enn i dei fleste andre europeiske landa. Sidan slutten av januar har pengemarknadsrenta ligge lågare enn ECU-renta, og frå slutten av april har ho også ligge under den tyske. Det er første gongen dette har hendt i ein situasjon med frie marknadstilhøve. Først i september låg rentene i den norske pengemarknaden om lag 1,5 prosentpoeng under ECU-renta og 0,5 prosentpoeng under den tyske renta

Renta på folioinnskott i Noregs Bank frå bankane, som utgjør «golvet» for rentene i pengemarknaden, var først i august 5,5 prosent. Noregs Banks signalrenter, foliorenta og renta på dagslån, er endra 16 gonger etter nyttår. Ved utgangen av 1992 tilsvarte verdien av valutaresservane til Noregs Bank 85 mrd kr. Frå årsskiftet og fram til utgangen av juli i år har Noregs Bank netto kjøpt utanlandsk valuta for 55 mrd kr. Valutaresservane utgjorde 147 mrd kr ved utgangen av juni i år.

Både forretningsbankar, sparebankar, kredittforetak og finansieringsselskap hadde eit betre driftsresultat etter tap i første halvår i år enn i same perioden i fjor. Betringa kjem i stor grad av kursgevinstar på verdipapir og betring i rentenettoen. Tala viser at sparebankane har hatt ei monaleg større resultatbetring enn dei andre gruppene av finansinstitusjonar.

I skattepolitikken har Regjeringa prioritert stabile rammevilkår, slik at det skal bli mogleg for skattytarane å tilpasse seg det nye skattesystemet. Ved årsskiftet 1992–93 vart meirverdiavgifta auka med 2 prosentpoeng og arbeidsgjevaravgifta sett ned med 2,4 prosentpoeng i alle soner bortsett frå sone 5, der 0-satsen står ved lag. Dei nye satsane i det distrikts-politiske verkeområdet er 10,8 prosent, 6,6 prosent, 5,3 prosent og 0 prosent. Utanfor verkeområdet er avgifta no 14,3 prosent.

Frå første halvår 1992 til første halvår 1993



auka utgiftene på statsbudsjettet utanom låne-transaksjonar med 5,2 prosent. Utgiftene på statsbudsjettet utanom utgifter til statleg petroleumsvirksemd voks med 4,0 prosent. Inntektene på statsbudsjettet vart i den same perioden auka med 3,6 prosent. Utanom oljeinntekter voks inntektene med 0,8 prosent. I første halvår 1993 var underskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 28,6 mrd kr. Underskottet før lånetransaksjonar korrigert for oljeskattar og statleg petroleumsvirksemd var i første halvår 1993 43,8 mrd kr, mot eit underskott på 38,0 mrd kr i den same perioden i 1992.

Kampen mot økonomisk kriminalitet, svart arbeid og svart økonomi har vore høgt prioritert. Det har vore gjennomført regelverksendringar, auka informasjon og auka kontrollvirksemd for å hindre og avdekkje skatte- og avgiftsunndragingar.

Planen for utbygging og drift for Sleipner Vest-feltet vart godkjend av Stortinget i desember 1992. Utbyggingsplanane for Gullfaks Vest vart godkjende i januar 1993, medan utbyggingsplanane for Gyda Sør vart godkjende i juni 1993. Låge investeringar og bruk av ny teknologi gjer dei to prosjekta svært lønnsame.

Regjeringa fekk i mai 1993 lagt fram for seg planar for anlegg og drift av ein oljerørledning frå oljeprovinen Troll Vest til Mongstad.

Oljeindustriens landsforening la fram resultatane av andre fase av miljøprogrammet, som er eit samarbeidsprosjekt med styresmaktene, i mars i år. Ein hovudkonklusjon er at utsleppa frå gassfaklinga har vorte monaleg reduserte dei siste åra.

I 14. konsesjonsrunde vart det tildelt 17 utvinningsløyve som omfattar 31 blokker eller delar av blokker. Løyva fordeler seg med 11 i Nordsjøen, 4 i Norskehavet og 2 i Barentshavet.

Regjeringa har styrkt innsatsen for å gjere offentlege etatar medvitne om den rolla dei har som marknad for norsk industri. Ein har særleg fokusert på dei gode kontraktutsiktene som OL i 1994 og den planlagde hovudflyplassen gjev.

For å lette tilgangen til det offentlege verkemiddelapparatet vart det i april 1992 opna ei «grøn linje for etablerarar». Etter eitt års drift hadde operatøren, Rettleiingsinstituttet i Nord-Noreg, teke seg av rundt 7 000 førespurnader. Evalueringa av tenesta viser at brukarane vurderer henne som positiv.

Regjeringa strekar under kor nødvendig det er med ein heilskapleg næringspolitisk strategi for vekst og nyskaping. Det er skipa eit næringspolitisk utval av dei statsrådana som har mest med dette å gjere.

Regjeringa har oppnemnt «Forum for verdiskaping», samansett av representantar frå ar-

beidsliv, næringsliv og samfunnsliv. Forumet, som skal vere eit rådgjevande organ, vil gje viktige innspel til arbeidet i statsrådsutvalet for næringspolitisk strategi.

Det er stilt til rådvelde ei samla ramme på 400 mill kr til omstillinga i Sør-Varanger. Offentlege og private prosjekt som så langt har fått stønad, vil gje om lag 250 nye arbeidsplassar. Utbygginga av Kværner Kimek i Kirkenes (100 nye arbeidsplassar) er av dei største i Finnmark på lang tid.

I Rana var målsetjinga å få til 2 800–3 000 arbeidsplassar medrekna den stålverksemda som er att. Til no er det oppretta om lag 2 800 arbeidsplassar.

Det er ytt i alt 7 mill kr for å styrkje det næringsretta omstillingsarbeidet i Grenlandsregionen.

Næringslovutvalet har i perioden gjort framlegg om forenklingar i plan- og bygningslova, forenklingar i lovverket som gjeld tryggingsregelverket for flyttbare innretningar i petroleumssektoren og endringar i reglane for handel med verdipapir. Den første er sendt ut på høyring.

Det statseigde Norsk Forsvarsteknologi A/S har engasjert seg sterkare på den sivile marknaden. Regjeringa har gått inn for at kapitalgrunnlaget til selskapet bør bli styrkt ved å få inn private minoritetsaksjonærar.

Den framtidige gruvedrifta ved Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S har vore teken opp til vurdering, særleg med tanke på å starte drift i Sentralfeltet.

Svalbard Samfunnsdrift A/S er skild ut frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S og etablert som eit hundre prosent statseigd aksjeselskap.

Verneplan IV vart vedteken av Stortinget 1. april 1993. Eit kraftpotensiale på 35 TWh, eller om lag 20 prosent av det samla potensialet i Noreg, er med dette verna. Vedtaket om ein samla plan for vasskraftutbygging vil saman med dei vasskraftressursane som alt er utbygde, få det totale utbyggingspotensialet opp i om lag 133 TWh.

Stortinget vedtok 1. juni 1993 endringar i føresegnene om heimfall i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Endringane gjev høve til avtaler om føregripne heimfall og tilbakekjøp frå staten.

Regjeringa har fastsett traseen for 420 kV-leidningen Salten-Svartisen, som bind saman hovudnettet i Nord- og Sør-Noreg.

Stortinget opna i fjor for konsesjonsfri krafteksport av 4 TWh pr år på kontraktar på inntil 5 år. Volumet er seinare auka til 5 TWh pr år. Norske produsentar har i samsvar med denne ordninga inngått kontraktar om å eksportere opp mot dette.

Regjeringa la i vårsesjonen fram ei melding om langsiktig kraftutveksling med utlandet. Det er søkt om konsesjon for to avtaler.

Regjeringa la i vårsesjonen fram ei stortingsmelding om energiøkonomisering med framlegg om ei omlegging av verkemidla.

I innanlands persontransport vart det i 1992 utført eit transportarbeid på 52,3 mrd personkilometer. Privatbilane står for 78,3 prosent av dei registrerte persontransportane.

Godstransportarbeidet synte ein vekst på i overkant av 8,5 prosent frå 1991 til 1992, og det samla godstransportarbeidet innanlands var i 1992 på 28,4 mrd tonnkilometer. Auken kjem i hovudsak av oljerørtransporten.

Lengda på det offentlege vegnettet i Noreg er i overkant av 89 000 km. Av dette er 26 000 km riksvegar. Av riksvegnettet er om lag 26 prosent definert som stamvegar. Desse vegane avviklar omtrent halvparten av trafikken på riksvegane. I 1992 vart 355 km nye riksvegstrekningar tekne i bruk. 108 km av dette var stamvegar. I tillegg vart det bygd 130 km gang- og sykkelvegar i samband med riksvegnettet.

Ved utgangen av 1992 var 92 prosent av riksvegnettet opna for 10 tonn aksellast, mot 82 prosent i 1991. På stamvegnettet kan ein no kjøre med 10 tonn aksellast utanom teleløysinga. I teleløysinga i 1992 var det tillate med 10 tonn aksellast på 38 prosent av riksvegnettet, mot 23 prosent året før. Ved utgangen av 1992 hadde 98 prosent av riksvegnettet fast dekke. Av fylkesvegane hadde 67 prosent fast dekke. Trafikken på riksvegnettet har gått opp med 0,4 prosent i 1992.

Salet av nye bilar tok seg noko opp att i 1992 etter å ha gått sterkt ned året før. Det vart registrert 83 000 bilar i alt. Det var 4 000 færre avregistreringar i 1992 samanlikna med 1991.

Ved utgangen av 1992 var det i underkant av 3 mill kjøretøy i landet. Av dei var 2 mill bilar, og av dei att var 1,6 mill personbilar. Alle tala er litt større enn året før.

I 1992 vart 11 729 personar skadde eller drepne i trafikken. Det var 306 mindre enn i 1991. 325 personar vart drepne i trafikken i 1992, og det er to meir enn året før.

Ved slutten av 1992 var det 150 ferjesamband på riks- og fylkesvegnettet. Fem riksveg-samband vart avløyste av veg og fire vart innkorta i 1992. 189 ferjer var i drift på riksveg-strekningane. Seks nye ferjer er sette i trafikk, og 16 eldre ferjer er tekne ut av drift.

Investeringane i vegsektoren var i 1992 på 4,7 mrd 1993-kroner.

2. april 1993 la Regjeringa fram stortingsmeldinga om Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994–97. Regjeringa går inn for at det i perio-

den skal brukast 39,6 mrd kr til vegformål. Satsinga på kollektivtransport, trafikktryggleik og miljø skal aukast. Det er vidare lagt vekt på å sikre ein god distriktsprofil når budsjettmidlane skal fordelast.

I 1992 var det totale talet på passasjerar som har komme og reist over norske lufthamner, 17,5 mill. Det er ein auke på 8,7 prosent. Innanlands rutetraffikk auka med 7,4 prosent, medan veksten for utanlands rutetraffikk var 10,1 prosent. Selskapsreiser med charterfly auka med 22,7 prosent. Veksten i talet på passasjerar på rute- og chartertraffikk har vore størst på stamruteplassane med 8,8 prosent, mot 7,7 prosent på det regionale rutenettet. Veksten i flytrafikken har halde fram inn i 1993. I første halvår ligg trafikken 5,9 prosent over den tilsvarande perioden i 1992.

Den 8. oktober 1992 vedtok Stortinget å byggje ut Gardermoen som ny hovudflyplass for Oslo-området, og at det skal byggjast ny jernbane frå Oslo om Lillestrøm til Gardermoen og vidare til Eidsvoll. I vedtaket inngår også at vegsystemet skal utbetrast og at dei militære anlegga i området blir flytta.

Frå 1. januar 1993 er Luftfartsverket organisert som forvaltningsbedrift med utvida fullmakter og auka økonomisk handlefridom.

Stortinget drøfta hausten 1992 meldinga om norsk luftfartsplan for perioden 1993–97.

Godstrafikken med jernbanen utanom Ofotbanen auka med 0,8 prosent målt i tonnkilometer i 1992, medan han på Ofotbanen gjekk ned med 2,2 prosent. Persontrafikken auka med 2,5 prosent. I første halvår 1993 hadde persontrafikken ein auke på 1–2 prosent samanlikna med same perioden året før, medan godstrafikken (utanom malmtransport på Ofotbanen) hadde ein nedgang på 1,3 prosent.

NSB er inne i ein prosess med effektivisering og rasjonalisering med sikte på å få ned kostnadsnivået. Talet på årsverk gjekk ned med 2,7 prosent. I tillegg tok NSB i 1991 i bruk eit personalsenter der overtalige tilsette m.a. får vidareutdanning og omskolering.

Totalt vart det i 1992 investert for 1 713 mill kr i NSB. Det er 39 prosent meir enn året før. Investeringane fordelte seg med 824 mill kr i trafikk-selskapet og 889 mill kr i kjørevegen. Investeringane i kjørevegen, medrekna tiltak for å betre sysselsetjinga, auka med 61 prosent samanlikna med året før.

2. april 1992 la Regjeringa fram stortingsmeldinga om Norsk jernbaneplan for perioden 1994–97.

Det samla talet på postsendingar auka i 1992 med 3,3 prosent. Produktiviteten auka med 3,2 prosent i same perioden. Det vart oppretta 7 heilårlege poststader, medan 52 vart nedlagde.

Noregs Postsparebank vart i samsvar med vedtak i Stortinget omdanna til Norges Postbank i desember 1992. Postgiro vart frå januar 1993 skilt ut som eiga resultatteining i Postverket.

Telefontrafikken innanlands auka med 9,1 prosent og til utlandet med 22 prosent frå 1991 til 1992. Totalproduktiviteten i Televerket viste i same perioden ein vekst på heile 9,5 prosent.

Pr 31. desember 1992 var det i alt installert 2 214 065 telefonabonnement. Det er ein netto auke på 64 688. Telefontettleiken i Noreg var på 52,8 pr 100 innbyggjarar ved utgangen av 1992.

Prisnivået på teletenester vart sett ned med 5,7 prosent frå 1. januar 1993 og ytterlegare med 2 prosent frå 1. juli 1993. Etter dette er prisnivået redusert med om lag 25 prosent frå 1989.

Statens teleforvaltning (STF) gav i 1992 i alt 570 typegodkjenningar av telekommunikasjonsutstyr. Det er ein auke på 14 prosent. Ved utgangen av 1992 hadde STF gjeve 2 772 autorisasjonar, som er ein netto nedgang på 6,2 prosent. I same perioden auka det totale talet på kabel-TV-nett med konsesjon med 8,2 prosent. Talet på kabel-TV-nett med meldeplikt auka med 19,3 prosent. Talet på konsesjonar som er gjevne til stasjonære og mobile radiostasjonar, var ved utgangen av 1992 87 501. Det er ein auke på over 10 prosent.

Frå heile innlandet er det meldt om overvintringsskadar på enga. Skadane er likevel størst i Nord-Noreg, der også ein kald og fuktig vår og forsommar har gjeve sein vekststart. Med unntak av overvintringsskadd eng ser avlingane for dei fleste vekstene ut til å bli noko over normalen, pr slutten av juli.

Regjeringa la i oktober 1992 fram ein proposisjon om retningslinjer for landbrukspolitikken og om opplegget for jordbruksoppgjera m.m. Stortinget gav sin tilslutning til arbeidet med å skape eit meir robust norsk landbruk.

Regjeringa har lagt stor vekt på å skape grunnlag for tilleggsnæringar på bygdene. Særleg er det lagt vekt på å leggje tilhøva til rette for å skape arbeidsplassar for kvinner.

Landbruksdelen av EØS-avtala er sett i verk frå 15. april 1993. Norske eksportkvotar til EF for ein del grønsaker, frukt og bær kan no utnyttast. Noreg set i verk fri import av visse avskorne blomstrar, tollfri kvote på 20 mill kr for Azalea Indica, stiklingar og blomstrande potteplanter og fjernar i tillegg tollen og importrestriksjonane på om lag 60 produkt frå sørlegare EF-land. Vidare er dei gjensidige kvotane for handel med ost utvida med 200 tonn for året.

Frå 1. mai 1993 vart ordninga med råvarepriskompensasjon (RÅK-ordninga) utvida. Det

gjer fiskeforedlingsindustri som nyttar norske jordbruksråvarer, meir konkurransedyktig.

Jordbruksoppgjeret 1993 gav avtale mellom staten og Norges Bondelag. Avtala innebar eit gjennombrutt for å oppnå reduserte kostnader ved at løyvingane over statsbudsjettet vart reduserte med 200 mill kr. I tillegg vart jordbruksavtaleprisane reduserte tilsvarande med 265 mill kr, og arbeidet med å redusere kostnadene i husdyrproduksjonen er ført vidare.

Miljøtiltaka er ytterlegare styrkte ved m.a. auka løyvingar til erosjonstiltak og auka tilskott til kulturlandskap og kulturminneverdiar. For 1993–94 er det sett av 100 mill kr til tiltak for redusert jordarbeiding om hausten. Det vil seie at 1 mill dekar ikkje vil bli haustpløgde i år.

I 1991 og 1992 har fylkeslandbrukskontora gjeve tilsegn om stønad til 1 000 spesielle kulturlandskapstiltak. Jordbruksoppgjeret i 1993 gjev grunnlag for å satse meir på vedlikehald og utvikling av kulturlandskapet.

Marknadssituasjonen for dei fleste jordbruksprodukta er framleis prega av overskott. Det er likevel registrert ei betring i kjøttmarknaden. Det er også sett i verk ei oppkjøpsordning for purker som skal føre til ei betre produksjonstilpassing av svinekjøt.

Mjølkeproduksjonen i 1993 synest å bli på om lag same nivå som i 1992, og meir enn 30 mill liter over det fastsette produksjonsnivået på 1 750 mill liter. Rimeleg god økonomi saman med dårlege utsikter til alternativ sysselsetjing har skapt eit auka produksjonspress i mjølkeproduksjonen.

Som eit ledd i oppfølginga av stortingsmeldinga om reindrifta har Norske Reindriftsamers Landsforbund og staten inngått ei ny hovudavtale for reindriftsnæringa. Den nye avtala avløyser avtala frå 1976.

Skogsektoren vart hausten 1992 særleg hardt råka av det kursfallet som fann stad for finsk og svensk valuta. For å halde oppe mest mogleg normal aktivitet i skogbruket vart det vedteke ei mellombels ordning med avveringsproporsjonal investeringsstønad. Ordninga er forlengd ut året. Samla løyving for 1993 utgjer 205 mill kr.

Sjølv om ein har greidd å halde oppe hogstaktiviteten, er lønnsemda i skognæringa relativt låg. Det har ført til reduserte investeringar i skogbruket. Den ekstraordinære investeringsstønaden har likevel til ein viss grad motverka denne utviklinga.

Den vanskelege marknadssituasjonen gjer det ikkje mindre naudsynt å satse aktivt på produktutvikling og vidareforedling av trevirke. I 1993 vart det derfor sett av 4 mill kr. I tillegg har treteknologi vorte eit prioritert område innanfor landbruksforskninga.

Det er også frå 1993 etablert stønadsordningar for stell av kulturminne i skog og for stell av biotopar for nasjonalt trua og sårbare arter. For å kunne evaluere resultatene av miljøarbeidet i skogbruket er eit opplegg for resultatkontroll under utprøving.

For å sikre ei berekraftig forvaltning og drift av skogen blir no verneskoggrensene frå 30-åra reviderte samtidig som det blir utarbeidd lokaltilpassa reglar for avverkning.

Skogskadeovervakinga viste også i 1992 ei urovekkjande utvikling med meir glissen og misfarga skog. Forskingsinnsatsen er derfor auka.

Stortinget har gjort vedtak om å oppheve lova om måling av skogsvirke. Det vil framleis vere måleplikt, men det offentlege vil ikkje lenger vere ansvarleg for m.a. organiseringa.

Det er gjennomført fleire tiltak for å betre velferda for dyra. M.a. har omfattande føresegner om hald av produksjonsdyr teke til å gjelde. Det er utarbeidd retningslinjer for utforming av nærmiljøet til dyra.

Innanfor ramma av EØS-avtala er det høve til å søkje om tilleggsgarantiar for visse dyresjukdommar ved handel med levande dyr. Søknader er no utarbeidd og sende til ESA til vurdering.

Utbyttet frå det norske fisket er i første halvår 1993 venta å liggje rundt 1 300 000 tonn (rund vekt) til ein førstehandsverdi på om lag 3 100 mill kr. Dette representerer berre mindre endringar samanlikna med den same perioden i fjor. Det tyder at den positive utviklinga frå fjoråret held fram.

Dei statlege overføringane til fiskerisektoren er i 1993 ytterlegare reduserte. Overføringane har gått ned frå 1,2 mrd kr i 1990 til 195 mill kr i 1993. Det er å vente at det låge stønadsnivået skundar på ei utvikling mot ein betre struktur i flåten.

Det blir arbeidd med oppfølging av meldinga om struktur- og reguleringspolitikk overfor fiskeflåten for å få eit reguleringsystem som sikrar ein betre balanse mellom fangstkapasiteten og ressursgrunnlaget.

Som resultat av ei ansvarleg fiskeriforvaltning og gunstige naturgjevne forhold er situasjonen for bestandane av norsk-arktisk torsk og hyse og norsk vårgytande sild betre enn på lenge. Nordsjøbestandane er i dårlegare forfatning enn bestandane i nord. Torsk, hyse og sei er på eit botnnivå. Den vestlege makrellbestanden gjev framleis stor avkastning.

Eit større forskingsprogram (Mare Cognitum) er sett i gang for å skaffe meir kunnskap om havmiljøet og fiskebestandane. Overvakinga av radioaktivitet i saltvassfisk er intensivert.

Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt (medrekna oppdrett) gjekk opp frå 7 095 mill

kr pr 31. juni 1992 til 7 656 mill kr pr 31. juni 1993. I 1992 eksporterte vi fisk til 130 land. EF-marknaden tok om lag 66 prosent av eksporten. Om lag 78 prosent gjekk til EØS-landa.

Arbeidet med å avvike konkurransevridande stønad i samsvar med EFTA-forplikningar og EØS-avtala har halde fram i perioden.

Det er gjeve allment tilgjenge for alle fartøy frå alle land til å lande fisk i Noreg. Det tyder at norske tilverksbedrifter har betre tilgang på råstoff. Lovverket er endra slik at ein er i stand til å føre ein effektiv kontroll med dei utanlandske landingane.

Det er vedteke ei lov om prisregulering av fisk og fiskevarer ved import til Noreg. Lova gjev fullmakt til å fastsetje minsteimportprisar.

Moxnes-utvalet, oppretta i 1987 for å greie ut om organisering og arbeidsvilkår i fiskeindustrien og kva rolle denne industrien skal ha, har avslutta arbeidet sitt. Tilverkarlova med forskrifter er oppheva. Råfisklova er også endra. Arbeidet med å vurdere behovet for alternative ordningar er i gang. Det vil vere nødvendig å ha ei kontrollordning slik at fri etableringsrett gjennom EØS ikkje undergrev fiskeindustrien langs kysten.

Eit framlegg om å auke eksportavgifta for å kunne auke innsatsen for felles marknadsføring i utlandet har vore på høyring. Eit framlegg til endring i fiskeeksportlova for å sikre ein heilskapleg marknadsføringsinnsats er også sendt på høyring. I tillegg er 30 mill kr over Konjunkturreguleringsfondet for torskefiskeria sett av til marknadstiltak for produkt som det tidlegare har vore lagt avgifter på.

Kontrollverket i Fiskeridirektoratet har ved hjelp av midlar frå kvalitetskampanjen gjennomført pilotprosjekt i fiskeindustribedrifter for å auke kompetansen.

Regjeringa la i mai 1993 fram ei melding om fiskerihamnpolitikken. Meldinga la opp til at ein må sjå planlegging og utbygging av fiskerihamner langt meir i samheng med resten av næringsutviklinga og samferdselsverksemda.

Av oppdrettsfisk vart det i første halvår 1993 omsett lakseprodukt for 2,3 mrd kr. Produksjonen er om lag på nivå med første halvår året før.

Alle lakseprodukt har hatt prisoppgang frå i fjor.

Noreg er framleis det leiande oppdrettslandet i verda når det gjeld atlantisk laks.

Det blir stadig lagt meir vekt på miljø- og helsetilhøve på anlegga, og det har vorte utarbeidd utfyllande og spesifiserte krav til næringsutøvarane det siste året.

I første halvår av 1993 vart det 2-årige prosjektet «havbruksoffensiven» slutført. Alle oppdrettslokalitetane i landet som er i bruk, er vortne kontrollerte.

Det er utarbeidd personalpolitiske retningslinjer for omstilling i staten for å fremje omstilling og mobilitet, samstundes som dei skal skape størst mogleg tryggleik for dei tilsette.

Det er sett i verk eit forsøk med å etablere offentlege servicekontor. Åtte forsøksstader er peikte ut, og forsøka femner om både statlege og kommunale tenester.

Det er utarbeidd eit program for effektivisering av statlege innkjøp.

Som ei vidareføring av arbeidet med å modernisere den statlege eigedomsforvaltninga skal dei fleste brukarane av statlege forvaltningseigedommar betale husleige frå 1993. I alt har Statsbygg inngått om lag 380 leigeavtaler med statlege etatar.

Dei statlege fylkeslandbrukskontora er integrerte i fylkesmannsembeta som ei eiga fagavdeling for betre å kunne samordne verksemda mellom den statlege regionale forvaltninga og den kommunale forvaltninga.

Den andre og siste delutgreiinga frå lovstrukturutvalet er lagd fram med forslag om tiltak for å betre kvaliteten i lov- og forskriftverket. Det er gjennomført ein samla gjennomgang av strukturen på lovnivå. Utgreiinga har vore på høyring.

Stortinget vedtok i juni 1993 ny konkurranselov og ny lov om pristiltak.

Stortingsmeldinga om kampen mot kriminalitet er følgd opp med m.a. satsing på det arbeidet politiet gjer for å førebyggje kriminalitet og styrkje det holdningsskapande og førebyggjande arbeidet overfor barn og unge. Det er vedteke forbod mot å bere kniv o.l. på offentleg stad.

Handlingsplanen mot seksuelt misbruk av barn er følgd opp med m.a. spesialkurs ved Politihøgskolen og med at alle fylke har fått rom som er skikka til dommaravhøyr.

Justisdepartementet og Samferdselsdepartementet greier ut nye tiltak mot ran av postkontor og bankar.

Innsatsen mot narkotika er framleis eit prioritert satsingsområde, og det er utarbeidd ein 3-årig handlingsplan.

Trafikkrolltenesta til politiet har vore halden på eit høgt nivå. Politiet har teke i bruk nytt fartsmålarutstyr. Fleire forskingsprosjekt er sette i gang.

Det er innført ein ny strafferegel mot miljøkriminalitet.

Det er oppretta eit sentralt edb-basert konkursregister ved Registerininga i Brønnøysund. Skifterettane har i perioden vore økonomisk i stand til å halde fram med behandlinga av konkursbu som elles ville ha vorte innstilte på grunn av manglande midlar. Det er vedteke ein ny og heilt generell strafferegel om kvitvasking av utbytte frå staffbare handlingar.

Det er vedteke omfattande endringar i straffeprosesslova. Alle straffesaker skal ta til i herads- og byretten. Alle ankar skal gå til lagmannsretten. Formålet er å betre rettstryggleiken ved at prova under skuldspørsmålet kan vurderast to gonger. Høgsterett kan no meir konsentrere seg om viktige og prinsipielle saker.

Stortinget har vedteke å halde på juryordninga for dei alvorlegaste straffesakene.

Kongen har fått lovheimel til å overføre påtalekompetanse i visse brotsverksaker til politiet.

5. oktober 1992 fann den siste manuelle grunnboksføringa stad. Den elektroniske grunnboka har redusert saksbehandlingstida for tinglysing frå meir enn 2 veker til 1,4 dagar.

Det nye Skien kretsfengsel tok imot sine første innsette 2. august. Fengselet har plass til 76 innsette.

Den nye lova om tvangsfullføring frå 1992 vart sett i kraft allereie 1. januar 1993. Lova er ei omfattande reform. M.a. kan fast eigedom og burettslagsbustader no tvangsseljast gjennom eigedomsmeklarar.

Regjeringa fremja i februar ei melding om den framtidige sivile beredskapen. Det er gjort framlegg om endringar av mål, arbeidsmetodar og organisering for å gjere den meir effektiv.

Sysselemda på Svalbard har frå 1. februar 1993 inngått avtale med Helikoper Service A/S om innleige av eit Super Puma helikopter. Dette vil betre redningskapasiteten ved ulykker.

Regjeringa la 11. juni i år fram ei stortingsmelding om tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsvirksemda på norsk kontinentalsokkel. Det geografiske verkeområdet til arbeidsmiljølova er utvida til også å gjelde petroleumsvirksemd på utanlandsk kontinentalsokkel frå innretningar som er registrerte i Norsk skipsregister. Lova gjeld no også ved flytting av innretningar.

Det er vedteke endringar i brannvernlovgjevinga for betre beredskap og innsats frå brannstellet ved ulykker til sjøs.

All styringsmakt for forvaltning og tilsyn for trykksett utstyr er samla i ein etat ved at området er overført til Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.

Som ei følgje av EØS-avtala er det vedteke nye reglar i arbeidsmiljølova om masseoppseiingar og verksemdoverdragingar, og det er vedteke ei eiga lov om allmenngjering av tariffavtaler.

Aktiviteten i bustad- og byggjesektoren er framleis låg, og i stor grad avhengig av statleg finansiering. Husbanken og Landbruksbanken kan i 1993 finansiere om lag 18 000 nye bustader.

Det reduserte rentenivået har gjeve grunnlag for lågare bustadrente i Husbanken. Frå 1. juli i år er topprenta for lån utbetalte før 1987, redusert til 10 prosent, og for lån med tilsegn før 1993 og utbetalte f.o.m. 1987 til 9 prosent. Nyare lån følgjer Husbank II-renta, som frå 1. januar 1993 vart redusert frå 10 prosent til 9,5 prosent.

Regjeringa har komme med ei tiltakspakke for burettslag med gjeldsproblem. Tapsfondet i Husbanken er styrkt med 150 mill kr. Det er oppretta ei statleg tilskottsordning på 8 mill kr til opning av rettslege gjeldsforhandlingar, og det er opna for at Husbanken også skal kunne ta del i utanrettslege gjeldsforhandlingar.

Omstillingsløyvinga til bustadsamvirket på 100 mill. kr blir aktivt utnytta. Det er m.a. løyvt midlar til eigne fond mot tap på uselde nye bustader og husleigetap, og bustadbyggjela med vanskeleg økonomi er tilført midlar.

Som eit ledd i kampanjen mot svart arbeid er det sett i gang eit prøveprosjekt der bygningstyresmaktene, Husbanken og Forsvarets bygningsteneste samarbeider med skattestyresmaktene.

Regionalmeldinga «By og land hand i hand» er lagd fram. Regjeringa ønskjer ein heilskapleg regionalpolitikk der ein ser by- og distriktspolitikken i samheng. Den statlege politikken må tilpassast behova i regionane og dei ulike rollene dei har i den nasjonale økonomiske arbeidsdelinga.

Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND, vart skipa 1. januar 1993. SND inneber ei samordning og effektivisering i bruken av verkemiddel i distrikts- og næringspolitikken.

Ei evaluering av dei bedriftsretta distriktspolitiske verkemidla vart sluttført våren 1993. Den direkte sysselsetjingseffekten i perioden 1985–90 var på om lag 70 000 arbeidsplassar.

I den distriktspolitiske tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms er det sett inn ekstraordinære tiltak for 30 mill kr for å styrkje eigenkapital og lønnsemd i næringslivet.

SIVA (Selskapet for industrivekst) vart frå 1. januar omorganisert som eit statsforetak.

For at næringslivet skal dra meir nytte av dei regionale forskingsmiljøa, har Regjeringa sett i gang eit næringsretta forskingsprogram som omfattar ni forskingsstiftelsar.

Det er oppnemnt eit styre for «Omstillingsprogrammet for indre Finnmark» for å utvikle alternativ verksemd til reindriftsnæringa.

Rapporten «En helhetlig flyktningpolitikk» vart lagd fram i november 1992. Som ei oppfølging vart rapporten «Beskyttelse i fokus», lagd fram i 1993. Ein av hovudkonklusjonane er at det vil vere situasjonen i heimlandet og vernebehovet til den enkelte som avgjer kor lenge han eller ho får vere i Noreg.

Uroa i det tidlegare Jugoslavia har ført til auka tilstrøyming av asylsøkjjarar. I februar 1993 opna også Noreg, i samråd med UNHCR, for retur av asylsøkjjarar til Kosovo. Etter at Sverige og Danmark innførte visumplikt for bosniarar, auka talet på bosniske asylsøkjjarar. Noreg har i tillegg, i samarbeid med UNHCR, bode seg til å gje mellombels vern til 3 000–3 500 bosniske krigsfangar og den næraste familien deira.

Talet på plassar i statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar er auka monaleg.

Det er tilført inntil 3 mill kr i 1993 til «Ungdomskampanjen mot rasisme».

Regjeringa har vedteke ein handlingsplan for betre å kunne nytte ut den kompetansen som innvandraranne sit inne med. Planen omfattar meir enn femti forbetringar og tiltak.

Den økonomiske utviklinga i kommunesektoren i 1992 viser at ein har makta å tilpasse utgiftene til inntektene. Netto gjeld i kommunesektoren er rekna til å bli redusert frå 36,3 prosent i 1991 til 34,6 prosent i 1992. Kommunesektoren hadde i 1992 ein reell inntektsvekst på om lag 3½ prosent. I revidert nasjonalbudsjett for 1993 er inntektsveksten for 1993 rekna til 1,7 prosent.

Det er lagt fram ei melding om forholdet mellom staten og kommunane. Meldinga drøfter samspelet mellom staten og kommunalforvaltninga og gjev retningslinjer for statleg politikk. Den inneheld også eit framlegg om forenkla inntektssystem.

Ny lov om kommunar og fylkeskommunar er sett i verk. Oppfølginga har vore gjeven høg prioritet. Stortinget vedtok i juni endringar i om lag 250 lovparagrafar i til saman 38 lover som gjeld kommunal og fylkeskommunal verksemd.

Regjeringa har fremja ei stortingsmelding om norsk samepolitikk. Det er første gongen ein slik heilskapleg og prinsipiell gjennomgang av samepolitikken er lagd fram.

1993 er erklært som FN's internasjonale år for urfolk. Den nasjonale gjennomføringa skjer i samarbeid med samane.

Sur nedbør er framleis det største regionale miljøproblemet i Noreg. Dei forureina områda er meir enn dobla sidan 1980. Det norske svaltelsleppet var redusert med vel 70 prosent i 1992 i høve til 1980-nivået.

Stortinget slutta seg i juni 1993 til framlegget frå Regjeringa om ei styrking av norsk polarforskning. Norsk Polarinstitut skal framleis vere den sentrale statlege institusjonen for forskning og kartlegging i polarområde, og det skal seinare flyttast til Tromsø.

Stortinget har nyleg drøfta «Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge». Meldinga dreg opp linjene for vår

framtidige nasjonalparkpolitikk, og retningslinjer for vern og forvaltning av større naturområde.

Regjeringa har vedteke ei ramme for barskog på 250 km<sup>2</sup> produktiv barskog. I tillegg er det vedteke at inntil 15 km<sup>2</sup> produktiv barskog i Oslomarka og 30 km<sup>2</sup> produktiv barskog i Pasvik kan vernast. Regjeringa vedtok verneplan for barskog for Midt-Noreg i desember 1992 og verneplan for barskog for Aust-Noreg i juli 1993.

Eit utkast til rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, etter plan- og bygningslova, er sendt ut på høyring.

Det er i 1993 lagt vekt på å vidareføre dei gode resultatata og sysselsetjingseffekten frå «Aksjon Vannmiljø» i utvalde kommunar.

«Aksjon Tana» er vidareført i 1993 med bygging av reinseanlegg og opprydding i avløp for å sikre lakseressursane.

Initiativet til «Friluftslivets år» 1993 vart teke av friluftslivsorganisasjonane. 10 mill kr er brukte til særskilde aktivitetssopplegg.

Det er oppretta ein skjergardspark i Lillestrand.

Ny lov om lakse- og innlandsfisk m.m. har teke til å gjelde.

Som ei oppfølging av rovviltmeldinga er det utarbeidd nye forskrifter. Det er innført heimel som opnar for lisensjakt på bjørn og jerv.

Framlegget frå Regjeringa om å stramme inn på retten til å felle rovvilt til forsvar av bufe og tamrein, har fått fleirtal i Stortinget. Forskrifta er no endra slik at felling berre kan skje «under direkte angrep», og at spesielt truiga arter kan bli unnatekne.

Genteknologilova er vedteken av Stortinget. Lova regulerer framstilling og bruk av mikroorganismar, planter og dyr der arvestoffet er endra ved bruk av gen- eller celleteknologi.

I EØS-avtala har Regjeringa sikra at særskilde krav ut frå norske miljøtilhøve blir trygga når det gjeld utsetjing og omsetning av genmodifiserte organismar.

MIK er gjennomført som generell reform. Alle kommunar fekk i 1992 tilbod om lønnsmidlar for å tilsetje ein eigen miljøvernleiar eller -rådgjevar.

Av dei 28 stavkyrkjene vi har att, har til no 14 fått installert brannvarslingsanlegg. Riksantikvaren har fått midlar til å skunde på arbeidet.

1993 markerer ein ny giv for fartøyvernet i Noreg. Totalt er det løyvt om lag 22 mill kr til restaurering og sikring.

Eit interdepartementalt utval som har vurdert organiseringa av den statlege kystforvaltninga, la fram rapport i april 1993. Framlegget gjeld både det førebyggjande og det aksjonsretta oljevernet.

Samarbeidet mellom miljøvernstyresmakterne og Forsvaret om oljevernberedskapen har resultert i utplassering av tyngre oljevernutstyr om bord på seks av fartøya til Kystvakta.

På bakgrunn av kartlegginga av skipsvrak har ein i 1993 undersøkt tilstanden på ti prioriterte skipsvrak.

Det er gjennomført tekniske miljøanalysar i om lag 200 verksemdar.

Programmet «Grønt Arbeidsliv» har gjennomført ei rekkje pilotprosjekt i kommunar og utvalde bransjar.

Stortinget drøfta i mai 1993 meldinga om korleis Noreg følgjer opp Nordsjø-deklarasjonen, og slutta seg til korleis meldinga skal følgjast opp.

Dei første resultatata frå resultatkontrollsystemet for jordbruksforureiningar ligg no føre, og dei viser ei positiv miljøutvikling.

Stortinget vedtok våren 1993 framlegget frå Regjeringa til endringar i forureiningslova som m.a. gjev høve til å påleggje kommunane å innføre kjeldesortering av avfall. Endringane gjer det også mogleg å påleggje næringslivet å gjenvinne avfallet frå egne produkt.

Eit nytt verkemiddel er teke i bruk ved å innføre ei avgift for drikkevareemballasje som kan refunderast.

For å hauste erfaringar med kjeldesortering i større skala har Regjeringa sett i gang prosjektet «Kildesortering i tre byer».

Selskapet Norsk Avfallshandtering A/S (NOAH) har kjøpt avfallsdeponiet på Langøya ved Holmestrand. Det sikrar ei overordna statleg styring.

Stortinget drøfta for første gong rammene for ein heilskapleg arealpolitikk då det i juni hadde føre meldinga om den regionale planlegginga og arealpolitikken. Rikspolitiske retningslinjer for areal- og transportpolitikken er vedtekne.

Regjeringa har òg vedteke rikspolitiske retningslinjer for planlegging av kyst- og sjøområde i Oslofjorden.

Regjeringa har lagt fram ei melding om nærmiljøpolitikken.

Arbeidet med å utvikle miljøbyar er sett i gang i Fredrikstad, Kristiansand, Bergen, Tromsø og bydelen Gamle Oslo.

1992 var eit rekordår for utbygging av barnehagar. Veksten i tilbod til 6-åringar i lokale på skolane var særleg sterk. Utbygginga er kommen langt for dei eldste førskolebarna. Det har vorte fleire familiebarnehagar og opne barnehagar.

Opptrappinga av foreldrepermisjonen ved fødsel har halde fram, og permisjonen er no utvida til 52 veker med 80 prosent lønnskompensasjon. 4 veker av foreldrepermisjonen er haldne unna for far. Einslege forsørgjarar dis-

ponerer alle dei 52 vekene, og mor disponerer alle vekene dersom far ikkje er yrkesaktiv. Eingongsstønaden til kvinner som ikkje har rett til permisjon med lønn, auka med 20 prosent frå 1. april 1993. Stortinget har også vedteke at delar av permisjonen skal kunne takast ut på full tid, og resten som kortare arbeidstid.

Regjeringa har prioritert ungdomstiltak i større bysamfunn, og også lagt vekt på tiltak som kan betre situasjonen for barn og ungdom med innvandrarbakgrunn.

Det nasjonale utviklingsprogrammet for barnevernet har gjort sitt til at fleire barn som treng det, får raskare og betre hjelp. Ved starten i 1991 var det registrert 5 900 ubehandla meldingar til barnevernet. Meldingane blir no følgde opp etter kvart. I programperioden har talet på barn og unge som får hjelpetiltak i heimen frå barnevernet, auka med om lag 6 000 til om lag 14 000. Talet på barn under offentleg omsorg auka frå 5 000 i 1990 til 6 400 i første halvår i 1993. Kompetansen i barnevernet er heva. Kommunane og fylkeskommunane er tilførte 1460 årsverk.

Det er lagt fram ei melding om seksuelle overgrep mot barn med framlegg om korleis ein kan førebyggje overgrep og korleis utsette barn kan vernast mot nye overgrep.

Ei stortingsmelding om likestillingspolitikk for 1990-åra er lagd fram. Hovudstrategien er integrering av likestilling i all politikktutforming.

Ny ekteskapslov er gjord gjeldande frå 1. januar 1993. Som følgje av lova og endringar i barnelova er det oppretta ei ny meklingsordning.

Gjeldsordningslova tok til å gjelde 1. januar 1993. Det er oppretta 20 stillingar ved fylkesmannsembeta for at kommunane skal kunne gje råd og hjelp til personar med gjeldsproblem.

Det er gjort framlegg om å utvide lova om produktkontroll til også å omfatte tryggleiken ved farlege forbrukartjenester.

Framlegg til lov om partnerskap er fremja og vedteken av Stortinget.

Ved pensjonsreguleringa i år vart grunnbeløpet heva med 800 kr til 37 300 kr med verknad frå 1. mai 1993.

Ved lønnsoppgjeret i vår var pensjon eit sentralt spørsmål. Store grupper yrkesaktive i privat og offentleg sektor er no sikra pensjon etter fylte 64 år. To offentleg nedsette utval vil kartleggje og greie ut dei ulike ordningane.

Førtidspensjonsordningane for sjømenn og fiskarar er endra. Pensjonsalderen for fiskarpenisjon blir 60 år, slik som for sjømannspensjon.

Sjukefråveret utover arbeidsgjevarperioden gjekk i 1992 ned med 5 prosent og har halde fram med å gå ned. Talet på dagar som det er betalt sjukepengar for over folketrygdbudsjet-

tet, har gått ned med nesten 5 prosent i første halvår 1993. Nedgangen må ein sjå på bakgrunn av samarbeidsavtala mellom partane i arbeidslivet og auka innsats i trygdeetaten.

Det er gjort endringar i folketrygda for å gje trygdeetaten fleire verkemiddel for å kunne følgje opp langtidssjukmelde.

Tilgangen av nye uførepensjonistar viser no ein tendens til å gå nedover. Det er i tråd med tiltak frå Regjeringa for å få folk i arbeid.

Det er oppnemnt ei arbeidsgruppe som skal gå gjennom alle stønadsordningane for einslege forsørgjarar. Målet er m.a. å sikre at midlane blir nytta på best mogleg måte.

Handlingsplanen for funksjonshemma 1990-93 har omfatta område som høyrer inn under ti departement og vel 50 tiltak. Med unntak av fem tiltak er alle komne i gang eller er vortne avslutta i perioden. For å betre tilbodet til personar med sjeldne typar funksjonshemmingar, er det sett i gang eit prosjekt «Trainings- og rådgivningssenter for fem små diago-segrupper» ved Sunnaas sykehus. Eit tilskott som framleis er øyremerkt under handlingsplanen, har gjort sitt til at tilbodet om avlastings-tiltak i kommunane har vorte monaleg styrkt.

Reforma for menneske med psykisk utviklingshemming blir gjennomført i perioden 1991-95. Av om lag 5000 psykisk utviklingshemma som budde i HVPU-institusjonar då reforma vart innleidd, er pr 1. juni 1993 i alt om lag 3 750 flytta til egne bustader. I denne perioden har Regjeringa prioritert å styrkje tilbodet frå kommunane overfor psykisk utviklingshemma som ikkje har eit tilbod ved det tidlegare HVPU, og tiltak overfor særleg ressurskrevjande personar.

Gjennom prosjektet med sentralar som er baserte på frivillig innsats, blir det gjeve statleg stønad til 95 sentralar med til saman 4 400 frivillige hjelparar.

Den nye sosialtenestelova med forskrifter vart sett i verk 1. januar 1993. Rettane til den einskilde er styrkte og det er lovregulert at tenestetilbodet så langt som mogleg skal utformast i samarbeid med søkjaren. Fylkeskommunane har teke over ansvaret for institusjonane for både alkohol- og narkotikamisbrukarar.

Stortinget har løyvt totalt 510,9 mill kr til drift og omstillingstiltak i sjukehussektoren i 1993. Det er fordelt om lag 410,7 mill kr til auka pasientbehandling i somatiske sjukehus. Resten er sett av til omstillingstiltak i sjukehussektoren og til auka behandling i psykiatrien.

Framlegg om å innskjerpe lova om vern mot tobakkskadar er sendt på høyring.

Ved dei somatiske sjukehusa var det i 1992 616 000 innleggingar og vel 2,7 mill polikliniske konsultasjonar. Pr 30. juli 1993 var det registrert 203 000 pasientar som skal ha



behandling ved norske sjukehus. Av dei hadde 72 000 fått ventelistegaranti. 7 prosent av pasientane med ventelistegaranti hadde ikkje fått oppfylt garantien.

Pr 30. juni 1993 er det meldt om 1 268 hiv-positive personar. Av dei er 97 registrerte dei siste 12 månadene. Talet på aidstilfelle var pr same dato i alt 330, og av dei er 255 døde.

Det er sett i gang utvikling og oppfølging av ei rekkje informasjonssystem innan helse- og sosialtenesta og trygdesystemet. Systema skal gje grunnlag for statleg oppfølging av produksjon, effektivitet og kvalitet på ressursbruken. Systema skal vidare gje avgjerdsstøtte og skape betre føresetnader for kommunane til å løse oppgåvene sine i samsvar med retningslinjene i stortingsmeldinga om tilhøvet mellom staten og kommunane.

Den norske kyrkja er prega av stabilitet, og det er ro om statskyrkjeordninga. Reformar som gjeld organisasjon og styringsstruktur og innføring av målstyring har gjort sitt til å utvikle sjølvstyret og forvaltninga i kyrkja.

Kyrkja har no over 1 200 statlege preste- og kateketstillinger, og staten delfinansierer 71 diakonstillinger. I tillegg kjem prestestillingane i Forsvaret, ved sjukehus og i fengsel, forutan mange kyrkjelege stillingar som kommunane og kyrkjelydane har ansvaret for.

Den norske kyrkja har fått sin første kvinnelege biskop.

For å sikre landsdekkjande rekruttering har det vore lagt vekt på betre arbeidstilhøve, betre leing og betre personalomsorg. Prostetenesta har vorte betre organisert, presteskapa har fått lønnskompensasjon for overtidsarbeid og etterutdanning og kompetanseutvikling har vorte prioritert.

Salet av eigedommar under Opplysningsvesenets fond held fram.

I skoleåret 1992–93 var det om lag 455 000 elevar i grunnskolen.

Frå og med hausten 1993 har om lag 50 000 småskolebarn i vel 80 prosent av kommunane fått tilbod om frivillige skolefritidsordningar. I tillegg vert skolefritidsordningane nytta av 8 400 6-åringar som har førskoletilbod i skolelokala.

Stortinget har slutta seg til framlegget om å innføre obligatorisk skolestart frå det kalenderåret barnet fyller 6 år.

Det er sett i gang arbeid med å utvikle element som skal inngå i eit nasjonalt vurderings- og styringsystem for grunnskolen.

Omlegginga av dei statlege spesialskolane gjennom ei etablering av statlege kompetansesentra er gjennomført. Tiltak for å heve kompetansen blant personell som arbeider med spesialundervisning, er førte vidare.

Stortinget har slutta seg til framlegget om

endringar i lov om grunnskolen, lov om vidaregåande opplæring, lov om fagopplæring i arbeidslivet, lov om vaksenopplæring og lov om tilskott til private skolar. Framlegget har samanheng med oppfølginga av ny kommune- lov, fase I.

Den felles generelle delen av læreplanen for grunnskolen og for vidaregåande opplæring er ferdigstilt.

Ved inntak til vidaregåande skolar hausten 1993 var det langt færre søkjarar som vart avviste enn tidlegare år.

Stortinget har vedteke reforma i vidaregåande opplæring som gjev all ungdom mellom 16 og 19 år lovfesta rett til vidaregåande opplæring i skole eller arbeidsliv. Arbeidet med regelverk og læreplanar held fram.

Opptaket til grunntdanningar ved universiteta og høgskolane i 1993 var høgare enn året før. Hausten 1993 blir det oppretta 11 000 nye studieplassar. 7 000 av dei blir finansierte av beredskapsløyvinga til ekstraordinære sysselsetjingstiltak.

Sidan 1988 har studenttalet auka med om lag 60 prosent. Det totale talet på studieplassar vil hausten 1993 komme opp i nærare 160 000. Det er særleg helsefag, sosialarbeidar- og lærarutdanninga og hovudfags- og doktorgradsutdanninga som har fått vesentleg større kapasitet.

Det er vedteke at dei 98 regionale høgskolane vi no har, skal gå saman i 26 nye høgskolar.

Arbeidet med å etablere og utvikle Noregsnett held fram.

Frå hausten 1993 er Universitetsstudiane på Svalbard sette i gang.

Det blir arbeidd med ein metode for meir resultatavhengig fordeling av ressursar til institusjonane, med eit betre opptakssystem som skal gje best mogleg utnytting av studie-plassane, med evaluering av ulike typar utdanning og forsøk med treterminordning.

Ei ny felles avtale om arbeids- og lønnsvilkår for vitskapleg personell ved universitet og høgskolar tok til å gjelde 1. januar 1993. Frå same tid er det også innført ei ordning med personleg opprykk til professor etter kompetansevurdering.

Ei utgreiing om ei ny felles lov for alle universitet og høgskolar er ute på høyring.

Frå 1. juli 1993 er renta på lån i Statens lånekasse sett ned med 1 prosentpoeng.

Det har vore vekst i vaksenopplæringa på nivået for vidaregåande skole, i hovudsak på grunn av det statlege tilskottet til ekstraklasser og gjennom omfattande samarbeid mellom fylkeskommunar og studieforbunda.

Studieforbunda kan vise til vekst i talet på studietimar og i talet på deltakarar i det frie studiearbeidet. Dei 42 godkjende studieforbunda hadde om lag 760 000 deltakarar i 1992.

Det har i 1992 vore ein mindre nedgang i talet på deltakarar i opplæring i norsk med samfunnsfag for framandspråklege med opphaldsløyve i landet.

Det er utarbeidd eiga eksamensoppgåve til grunnskoleeksamen i norsk som andrespråk for vaksne framandspråklege.

I programperioden 1990–93 har dei offentlege løyvingane til forskning i gjennomsnitt hatt ein reell vekst på nærare 5 prosent årleg. I 1993 har den auka innsatsen i stor grad skjedd indirekte gjennom auka løyvingar til universitets- og høgskolesektoren i samband med etablering av fleire studieplassar.

Arbeidet med å få til ei betre organisering av forskingssektoren har vore høgt prioritert. Frå og med 1. januar 1993 vart dei fem forskingsråda erstatta av eit samla Noregs forskingsråd.

I april 1993 la Regjeringa fram ei ny stortingsmelding om forskning. Her vart det m.a. teke til orde for å leggje meir vekt på kvalitet, utbytte og kunnskapsspreiing.

På bakgrunn av drøftinga i Stortinget av meldinga «Kultur i tiden» er det lagt opp til ein målretta kulturpolitikk der aktiv deltaking, kvalitet og kulturelt mangfald er sentrale element. Arbeidet med å følgje opp meldinga er begynt.

Det er gjennomført ei evaluering av statens stipend- og garantiinntektsordningar for kunstnarar.

Vesentlege delar av forvaltningsansvaret for samisk kultur er overført til Sametinget.

I 1993 får 314 musé tilskott gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege musé. Nasjonalgalleriet vart i 1992 besøkt av om lag 192 000 personar, som er ein auke frå året før, Museet for samtidskunst av 113 000 personar, som også er ein vesentleg auke frå førre året. Det er ei eiga avdeling for ambulerande kunstformidling ved Museet for samtidskunst (Riksutstillingane). Riksutstillingane hadde ti utstillingar på vandring i 1992 med eit besøk på om lag 132 000.

I 1993 er 524 kunstnarar med under garantiinntektsordninga. Det er i år gjeve stipend til 838 kunstnarar. I tillegg har éin livsvarig kunstnarlønn, fire har æresstipend og éin har æreslønn. Til saman får i 1993 om lag 1 386 kunstnarar ulike former for kunstnarstipend og tilsvarande direkte ytingar. 59 personar har statsstipend.

Seks symfoniorkester får tilskott. I alt er det tilsett 338 musikarar i desse orkestra. I 1992 vart det halde 347 konsertar. Publikumsbesøket var på om lag 331 000. Rikskonsertane hadde eit besøkstal på rundt 950 000. Dei 18 teatra som får offentlege tilskott, hadde 329 oppsetjingar og eit samla publikumsbesøk på

om lag 1 456 000. Til «Dansens år» er det i 1993 sett av 2,5 mill kr.

Stortinget har vedteke ei ny lov om vederlag for å vise biletkunst, kunsthandverk m.m. Vidare har Stortinget vedteke endringar i lov om opphavsrett til åndsverk m.m., som forbyr «parallellimport» av fonogram og videogram.

Samla utlån i 1992 frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 26,5 mill einingar. Det samla talet på bøker var 28,2 mill band.

Stortingsmeldinga om mediepolitikk var oppe i Stortinget 14. juni 1993. På bakgrunn av drøftinga er det lagt opp til å sikre ytringsfridommen som den grunnleggjande føresetnaden for eit aktivt demokrati, sikre innbyggjarane sakleg og allsidig informasjon og styrkje norsk språk og kultur.

Den nye riksdekkjande private radiokanalen, P4, tok til med sendingar 15. september 1993.

Norsk rikskringkasting starta i haust ein ny radiokanal, P3.

Pr 1. juli 1993 var det gjeve 421 konsesjonar for nærradio og 101 konsesjonar for lokalfjernsyn.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping AS som gjekk til idrettsformål i 1993, var på 530 mill kr. Av det går 305,2 mill kr til idrettsanlegg, 191,5 mill kr til Norges Idrettsforbund og 33,3 mill kr til andre idrettsformål.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet! Det 138. Storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, er det første i en ny valgperiode. Mange av de representanter som møter i det nyvalgte Storting, har erfaring fra tidligere perioder. Deres innsikt og erfaring vil være av stor verdi for Stortingets arbeid. Samtidig møter det i år mange nye representanter. Jeg er sikker på at disse kommer med friske krefter og vilje til verdifull innsats i våre felles bestrebelser for landets beste.

Dette Stortinget går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid som fortsatt preges av økonomiske problemer hjemme og ute. Den høyest prioriterte oppgave vil være å bekjempe den for vårt samfunn uakseptable arbeidsledighet. Skal vi få dette til, må vi samle kreftene og løfte i takt. Vi som er så heldig å ha et sikkert arbeid å gå til, må kjenne et særlig ansvar.

Kampen for en tryggere hverdag for oss alle vil også stå sentralt. Dette vil stille betydelige krav til representantenes evne til samarbeid og til å treffe beslutninger som kan bli til gagn for landet.

Det internasjonale samfunn er preget av flere alvorlige konflikter. Omfattende internasjo-

nal innsats er nødvendig for å løse disse problemene. For det norske folk er dette en stor utfordring og vil måtte innebære forpliktelser.

Som representant for vårt folkestyre vil Stortinget samvittighetsfullt medvirke i dette arbeidet.

Trontalen viser at mange og store saker vil komme til behandling. I enkelte av sakene vil det være forskjellig oppfatning blant representantene. Jeg er likevel sikker på at hver enkelt av oss vil ha landets beste for øye. Derfor vil vi bestrebe oss på at våre beslutninger og vårt virke blir til gagn for vårt land og folk. Vi vil også søke å gi vårt bidrag til beste for mennesker i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

I forvisning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange store oppgaver

som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte – og anser dette for bifalt.

Møtet hevet kl. 13.40.

---